

Møteprotokoll

Råd: Gjesdal sokneråd

Dato og tid: 05.02.2026, 19:00

Stad: Oltedal kyrkje

Saksmappe: GSR2026-3

Til stades: Olga Slettebø Gilje (leiar), Svein Madland (Nestleiar), Leif Hadland (Prest), Sverre Undheim (sekretær), Berit Sola Gilje (Medlem), Jarle Gilje (Medlem), Oddrunn Helen Dubland Sivertsen (Medlem), Svein Ingve Nødland (Medlem), Bjørg Bollestad (Varamedlem)

Forfall:

Protokollfører: Sverre Undheim

Kyrkjeverje Tor Helge Køhn var og med i møtet.

Sakslista

Faste Saker

001/26 Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Møtesaker

002/26 Ansvar og rutiner; Råd, daglig ledelse og stab, og frivillighet i Gjesdal kirkelige fellesråd

003/26 Henvendelse frå Kirkens SOS

004/26 Budsjett 2026

005/26 Strategiplan

Orienteringssaker

00001 Kyrkjelydsfest/kyrkjelydsmøte

00002 Aktivitetsdag Oltedal Kristi himmelfart

00003 Jula i Gjesdal

00004 Påskeverkstad

00005 Utgivingsplan kyrkjelydsblad

00006 Nytt frå stab

00007 Nytt frå fellesrådet

00008 Status gjevartenesta

Olga Slettebø Gilje
leiar

Leif Hadland
Prest

001/26 Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	05.02.2026	001/26

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Forslag til vedtak

Innkalling og referat fra sist møte godkjennes.

Vedtak

Innkalling og referat fra sist møte godkjennes.

002/26 Ansvar og rutiner; Råd, daglig ledelse og stab, og frivillighet i Gjesdal kirkelige fellesråd

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	05.02.2026	002/26

Saksframlegg

Fellesrådet har utarbeida eit dokument med eit "reglement" for korleis dei skal samarbeida på tvers av råd, frivillige og ansette. Det vert vedteke i fellesrådet i desember 2025, og nå sender kyrkjeverjen det til sokneråda, først og fremst som ei orientering, så kan soknerådet evt. vedta om det same gjeld også her.

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek dokumentet om Ansvar og rutiner for råd, daglig ledelse og stab, og frivillighet i Gjesdal kyrkjelege fellesråd som gjeldane for Gjesdal sokn og.

Møtebehandling

Svein Ingve understreker at dei har vore opptekne av samhandling mellom råd og daglig ledelse, i fellesråd og sokn. Viktig at det kjem tydeleg fram at soknerådet og fellesrådet er likestilte, fellesrådet er ikkje over soknerådet.

Vedtak

Soknerådet vedtek dokumentet om Ansvar og rutiner for råd, daglig ledelse og stab, og frivillighet i Gjesdal kyrkjelege fellesråd som gjeldane for Gjesdal sokn og.

003/26 Henvendelse frå Kirkens SOS

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	05.02.2026	003/26

Saksframlegg

Me har fått ein henvendelse frå Kirkens SOS, les vedlagt e-post. Kort fortalt spør dei om kva me kan gjera for kvarandre:

"...Når jeg nå tar kontakt, er det både for å høre hva vi kan gjøre for dere og hva dere kan gjøre for oss. Kontakt med menigheter i DnK er viktig for oss, og vi ser også på oss selv som en naturlig forlengelse av kirkens diakonale oppdrag. Selv om vi begge er avhengig av frivillig innsats, ønsker vi ikke å «stjele» frivillige fra det lokale kirkearbeidet, men vi tror at for noen kan det å være frivillig hos oss være en annerledes tjeneste som ikke er like enkelt å få til innenfor kirkeveggene og at vi her kan samarbeide, ikke konkurrere.

Like før jul sendte jeg en mail til alle menighetsbladene med litt aktuelt stoff og invitasjon til samarbeid. (mulig noen av dere har fått den også). Nå sender jeg epost til dere som er daglige ledere med litt utvidet agenda.

Hva vi kan bidra med:

- Mange kirker har kafetreff og sammenkomster som synes det er hyggelig med «besøk utenfra». Er det sammenhenger eller arbeid hos dere som ønsker besøk av oss?
- Er det arrangement hos dere, da særlig med tanke på diakoni og psykisk helse, der vi kan være med å bidra med kompetanse og ressurser?
- Egne kvelder der Kirkens SOS er på agendaen. Hvem er vi, hva gjør vi, hvordan jobber vi osv. Da vil det også blir noen «hint» om den gode samtalen
- Menighetsgaver. Vi har søkt om offer/kollekt. Dersom vi har informasjon om når «vår søndag» er, kan vi prøve å stille for å være synlige den dagen.
- Andre ting?

Hva kan dere bidra med:

- Et viktig bidrag er å hjelpe oss med informasjon og synlighet, både om tilbudet og om den frivillige tjenesten. Det kan være:
- Menighetsblad (allerede nevnt)
- Informasjon på infoskjerm (hvis dere bruker det)
- nyhetsbrev (hvis dere har)
- materiell på oppslagstavler og informasjonsdisker
- Er det steder vi kan inviteres på besøk?
- Invitere oss på besøk under kollekten?"

AU tenkjer at Kirkens SOS er hjarteleg velkommen til å vere synlege i gudstenesta der me har offer til dei. Utover det ynskjer AU innspel frå resten av soknerådt.

Møtebehandling

S

Vedtak

Soknerådet ynskjer å invitere Kirkens SOS til å fortelje om arbeidet i dei gudstenestane me gjer offer til dei. Og soknerådet vonar redaksjonen for kyrkjelydsbladet å gje Kirkens SOS plass i bladet.

004/26 Budsjett 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	05.02.2026	004/26

Saksframlegg

Vedlagt er fyrsteutkast til budsjett for Gjesdal sokn 2026 ,med nokre små justeringar gjort av dagleg leiar etter gjennomgang av rekneskapen for 2025. Hovedbudsjettet har eit mindreforbruk på rett under 60.000kr. Dette vert sett på konto 1580 - rekneskapsmessig mindreforbruk. Budsjettet er periodisert slik at det er lettare å fylgje med på korleis rekneskapen ligg an i forhold til budsjettet gjennom året.

"Uten prosjekt" er i utgangspunktet budsjettert med nesten 50.000kr i mindreforbruk. Årsaka til at det går med eit meirforbruk no er for at det totale mindreforbruket vert set som ei utgift her, på konto 1580. Me har budsjettert med fårikålkveld i 2026 og med dei inntektene som fylgjer. Renteinntekter på milliongåva havnar og inn her. Soknet får refusjon for klokkarløn, og offer til kyrkjelydsarbeidet. Utgifter går blant anna til blomar i gudstenestene, kyrkjekaffi, open kyrkje og fårikålkveld. Det er og budsjettert med utgifter til grafisk design. Her har dagleg leiar justert matbudsjettet, utgifter til annonser og konsulenttenester/kjøp av tenester opp litt etter gjennomgang av rekneskapen for 2025.

Trusopplæringa går og med mindreforbruk tross oppjustering av utgifter grunna auke i aktivitetar no som kyrkjelydspedagogen er tilbake. Årsaka til mindreforbruket er at soknet ikkje lengre har lønsforpliktinger knytta til kyrkjemusiker på Ålgård, og at gjevartenesta er justert opp i tråd med vedtak i soknerådet om å auke gjevartenesta med 60% i løpet av dei to neste åra. Det er ikkje teke høgde for permisjonen til kyrkjelydspedagog.

Tweensklubben er det ikkje budsjettert med drift.

Konfirmantarbeidet er budsjettert i null. Det er aukte inntekter i 2026 så utgiftene til konfleir er auka slik at konfirmantane kan ta buss til leir i staden for å få foreldre til å køyre.

Diakonien er budsjettert med eit lite meirforbruk då utgiftene til damenes aften og eldrefesten har auka noko dei siste åra. I og med hovedbudsjettet har eit ganske stort mindreforbruk ser ikkje dagleg leiar på dette som noko problem.

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek budsjett for 2026 med dei endringane dagleg leiar har lagt inn.

Vedtak

Soknerådet vedtek budsjett for 2026 med dei endringane dagleg leiar har lagt inn.

005/26 Strategiplan

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Sverre Undheim	05.02.2026	005/26

Saksframlegg

Vedlagt er strategiplanen etter innspel som kom under strategidagen soknerådet hadde saman med staben i Gjesdal sokn tidlegare i år.

AU vonar at alle ser godt gjennom planen før møtet slik at evt. endringar som må gjerast vert gjort i møtet før vi vedtek ein endeleg plan.

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek strageiplan for Gjesdal sokn.

Vedtak

Soknerådet vedtek strageiplan for Gjesdal sokn.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	05.02.2026	00001

00001 Kyrkjelydsfest/kyrkjelydsmøte

Informasjon

Kyrkjelydsmøte og - fest vert i Oltedal kyrkje 26. mars. 19:00.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	05.02.2026	00002

00002 Aktivetsdag Oltedal Kristi himmelfart

Informasjon

Minner alle i soknerådet om aktivetsdag på kristi himmelfartsdag 14. mai.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	05.02.2026	00003

00003 Jula i Gjesdal

Informasjon

Korleis har jula vore i Gjesdal sokn?

Godt besøk på julegudstenesta i Oltedal - dobling av besøkstalet frå den tidlegare rekorden. Mykje grunna innslag frå både korps og Jubelgjengen. Veldig kjekt!

Mykje folk i Dirdal og. Litt lite på den fyrste og veldig fullt på den andre. Slik er det nok berre.

Fint lyft med trompetist med på julaftan og fyrste juledag.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	05.02.2026	00004

00004 Påskeverkstad

Informasjon

Årets påskeverkstad vert 17. mars 17:00 - 19:00

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	05.02.2026	00005

00005 Utgivingsplan kyrkjelydsblad

Informasjon

1: Frist 22.01
Til trykkeriet 26.01
Klart til ombæring 06.02

2: Frist 07.05
Til trykkeriet 11.05
Klart til ombæring 26.05

3: Frist 20.08
Til trykkeriet 24.08
Klart til ombæring 07.09

4: Frist 22.10
Til trykkeriet 26.10
Klart til ombæring 09.11

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	05.02.2026	00006

00006 Nytt frå stab

Informasjon

Kjetil Eidevik Øygard er tilsett som ny organist i Gjesdal sokn.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	05.02.2026	00007

00007 Nytt frå fellesrådet

Informasjon

Arbeid med økonomi- og handlingsplan. Økonomien til fellesråd er tøff i år.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	05.02.2026	00008

00008 Status gjevartenesta